


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JUNI 2023**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkeim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkeim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30
(sjå side 3 vedr. ferie)

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkeimsnytt må vere inne før tysdag 22. august kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 31. august. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

FORSIDEFOTO:

Avtroppande kulturskulesjef
Arne Bjerkeim på 17. mai.
Fotograf: Annette O. Nedrebø



Hei, gode sambygdingar!

Sommar og varmt ver - herleg.

No nærmar sommarferien seg for mange. Eg vil oppfordra dykk til å sjekka destinasjonbjerkeim.no! Det er framleis mogleg å feriera i eigen kommune. Sjølv no - utan Covid!

Den 16. juni har Arvid Mæland fått Rotlaus til Bjerkeim. Det blir ein flott konsert i Bjerkeimshallen. Eg vil takka Mæland for å vera så fleksibel med å flytta konserten frå Lauperak til Bjerkeimshallen. Det blir ein kjekk dag for store og små. Rotlaus er eit veldig populært band for tida. Eg vil anbefala alle å kjøpa billett og ta seg ein tur på sommarkonsert.

Vi har nyleg vedteke samarbeidsavtale med den ukrainske kommunen Zboriv. Det blir spennande å sjå kva frukter eit slikt samarbeid kan gje Bjerkeim, og ikkje minst Zboriv.

No er Ørdsalen grendehus endeleg reist og overført til kommunen frå forsikringsselskapet. Det vart eit flott bygg, heilt i tråd med det byggekomiteen hadde planlagt. No gjenstår berre å finna ein god ordning for bruk og eigarforhold. Dette skal sjølv sagt skje i samråd med ørdsølane. Eg trur vi finn ei løysing som alle blir nøgde med.

Det nærmar seg fiskesesong. Då kjem forhåpentlegvis turistane som har Bjerkeimselva som destinasjon. Vi kan vera stolte av denne elva. Lykke til med sesongen, alle laksefiskarar. La oss håpa på god fangst i år også.

Til alle bønder som skal i gang med siloslåtten: Farleg tid på gardane! Pass på ungane. Det er gjevt med traktor i Bjerkeim, og dei minste har ein tendens til å springa imot lyden. Slåtten skal vera kjekk og travel. Husk no på HMS i arbeidet med å få inn graset før regnet kjem. Vi har ingen å mista, verken vaksne eller ungar!

Sommaren er ei tid for mykje idrett. Lykke til med turneringar, stemne og det som måtte koma. Eg håpar bjerkeimsungane viser seg fram som dei mest smilande, inkluderande og rettferdige. «Fair play»-prisen gjekk til Bjerkeim, er drømmetittelen i DT!

Til slutt vil eg nytta høvet til å gratulera kulturskulen med 50-årsjubileum i år. Med ønske om ein fin juni og sommar til dykk alle.

Vennleg helsing, *Kjetil*

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Kontrollutval	Måndag 05.06. kl. 14.00
Gruppemøter:	Måndag 05.06 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 06:06 kl. 13.00
Ungdomsråd	Tysdag 06.06. kl. 17.00
Levekårsutval	Onsdag 07.06 kl. 19.00
LMT-utval	Onsdag 07.06 kl. 19.00
Fellesråd for eldre og funksjonshemma	Torsdag 08.06 kl. 13.00
Kommunestyre	Tysdag 13.06 kl. 19.00

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ÅPNINGSTIDER

KOMMUNEHUSET I JULI

Det blir innskrenka åpningstid på kommunehuset i juli. Sjå nettsida til kommunen.

BIBLIOTEKET I SOMMAR

Frå 26. juni til 30. juli har biblioteket berre oppe tysdag, onsdag og torsdag. Det blir til vanlege klokkeslett:

Tysdag og onsdag kl. 14.00 - 18.00

Torsdag kl. 12.00 - 15.30

KLØGETVEDTTUNET

Velkommen til Kløgetvedttunet sommeren 2023

Program:

Søndag 11. juni kl. 13.00:

Sesongåpning ved ordfører.

Gaveoverrekkelse. Sang av Tirla Blandakor.

Malekurs for barn med Nataliia Kapusta.

Gratis adgang.

Søndag 18. juni kl. 13.00:

Konsert med «dansebanddronninga»

Jenny Jenssen. Billetter kr 200,- pr person,

da er kaffe og lapper inkludert.

Søndag 20. august kl. 13.00:

Konsert med Magnhild Hadland -

viser av Evert Taube. Gratis adgang.

Søndag 27. august kl. 13.00:

Familiearrangement med Dalane Friluftsråd - mat på bål. Gratis adgang.

Søndag 3. september kl. 13.00:

Marknadsdag. Salg av mange ulike lokalproduserte produkter. Gratis adgang.

Dersom du har lyst å delta med salg av egne hjemmelagede produkter, ta kontakt med Bjerkreim kulturkontor på tlf. 988 80 147.

Alle søndager med arrangement: Åpent

13 - 16. Åpen kafé. Salg av kaffe, te, lapper

og enkle kioskvarer. Guiding på forespørsel.

Gratis adgang til tunet dersom ikke annet er opplyst.

Konsserter / foredrag er ute eller i sauehuset, alt etter været.

Den frivillige Kløgetvedtkomiteen gjør

en formidabel dugnadsinnsats for at

Kløgetvedttunet alltid skal være i god

stand. Dersom noen tenker at de kan ha

lyst å hjelpe til, kan de kontakte Bjerkreim

kulturkontor på tlf. 988 80 147. Du trenger

ikke kunne snekre eller klatre på tak for å

delta, komiteen gjør alle typer arbeid både

utendørs og innendørs på tunet. Flere gode

hjelpere ønskes velkommen!

FRILUFTSLEIR

19. juni - 23. juni arrangerer Dalane friluftsråd friluftsløypen Dalaneuka ved Gaudland turisthytte Sokndal.

Alder: 10-13 år.

Friluftaktiviteter som kanopadling, kajakkpadling, fiske, kartlære, mat på bål, natursti, tenne bål, slå leir, supbrettspadling, turer, bading, leker, overnatting i telt.

Kun elektronisk, bindende påmelding via nettsida til Dalane friluftsråd.

Påmeldingsfrist 18. juni.

Leiren er åpen for barn som er født i perioden 2011-2013.

Mer informasjon: Kontakt Stein-Roar

Slotterøy, tlf 901 34 393

e-post naturligvis@friluftsrad-dalane.no

FRILUFTSSKOLE

Dalane friluftsråd arrangerer tredagers friluftsskole i august 2023.

1.-3. aug i Bjerkreim, Ørdsalen

8.-10 aug i Sokndal, Linepollen

Liker du fysisk aktivitet ute og kan tenke deg tre dager med mange spennende aktiviteter, er dette noe for deg! Det vil bli fiske, bålkurs, lære å slå leir, kartlære, padling og masse lek og moro i naturen.

Friluftsskolen gjennomføres på dagtid fra kl. 09.00-15.30.

Målgruppe: Barn i 5-7. klasse født 2010-

2012. Påmelding via Dalane friluftsråd sine

nettsider. Løpende påmelding, frist 01.08. 20

plasser pr. uke.





VAL

KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 11. SEPTEMBER 2023

Dei godkjende vallistene er:

Arbeiderpartiet, Bjerkeim Bygdliste, Bjerkeimlista, Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet.

Kven har stemmerett?

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet har følgjande stemmerett:

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av valåret og som er, eller har vore, registrerte som busette i Noreg.
- Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som har vorte registrerte som busette i Noreg seinast 30. juni i valåret.
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som har vore registrerte som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen.

Du må dessutan stå i manntalet.

Sjekk om du står i manntalet

Manntalet vil bli lagt ut til offentlig ettersyn på kommunehuset frå rundt 10. juli, t.o.m. valdagen. Det er viktig at du som veljar sjekkar at du står i manntalet, spesielt om du har flytta til kommunen dette året. For å vera manntalsført i Bjerkeim kommune, må flytting vera registrert innan 30. juni. Dersom du ikkje står i manntalet i Bjerkeim kommune, kan du ikkje stemma her på valdagen – men du kan førehandsstemma her (då blir stemmegjevinga di sendt til den kommunen du står manntalsført i).

Dersom du meiner at du eller nokon andre er feil innført, eller ikkje står i manntalet til kommunen, kan du krevja at valstyret rettar opp feilen. Kravet må vera skriftleg og grunngjeve og sendast til: Bjerkeim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Du kan førehandsstemma

- Frå 3. juli - tidlegstemming i opningstida på kommunehuset
- Frå 10. august - ordinær førehandsstemming kl. 08.00-15.00 på kommunehuset
- Det kan avtalast tid for førehandsstemming utanom kontortida (tlf. 51 20 11 99).
- 4. og 5. september - utvida opningstid kl. 15.00-19.00 på kommunehuset
- 8. september kl. 15.00 - førehandsstemminga stenger!

Husk å ta med legitimasjon og valkort! Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

Tid for førehandsstemminga på Bjerkeim omsorgsenter er ikkje fastsett ennå, men vil bli ein gong i siste veka før valet.

Du kan søkja om å få stemma heime

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan koma seg til eit lokale og stemma på valdagen eller på førehand, kan søkja om å få stemma der vedk. oppheld seg (heime).

Du kan ringa eller senda ein enkel søknad innan 6. september kl. 15.00, til: tlf. 51 20 11 99 / Bjerkeim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Opningstidene på valdagen

kl. 10.00 - 20.00 på Bjerkeim bedehus.
kl. 10.00 - 21.00 på Bjerkeim kommunehus.

Meir om valet kan du lesa på www.bjerkreim.kommune.no eller www.valg.no

VALFEST

Bjerkeim KrF arrangerer valfest på Bjerkeim bedehus fredag 1. september kl. 19.30.

BJERKREIMSQUIZEN

Ingen quiz i juni og juli.

Haustsemesteret startar att onsdag 16. august kl. 19.30 på Vikeså Veiservice.

Quizmaster: Tom Fjermedal.

Startkontingent kr. 30,-.

Velkomen til gamle og nye quizarar!

BINGO

Bjerkeim helselag har bingo 14. juni kl. 14.00 - ca 16.00 i peisestova på Misjonshuset.

Ingen bingo i juli.

Bjerkeim helselag har bingo 9. august kl. 14.00 - ca 16.00 i peisestova på Misjonshuset.

DUKAR

Helselaget leier ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø på tlf. 486 03 535.

ELDREFESTEN 2023

Bjerkeim samfunnshus onsdag 4. oktober kl. 18.00: «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu!» v/Oddgeir Bruaset

Song og musikk m/mannskoret

Frimenn frå Jæren. Meir informasjon om påmelding i september-utgåva av Bjerkeimsnytt. Sett av dagen alt no!

FLOR OG FJÆRE

Bjerkeim bygdekvinnelag inviterer til tur 5. august med avgang frå Stavanger kl. 12.00 til blomsterøya Sør-Hidle. Er du interresert, ta kontakt med Olaug Nevland på tlf. 957 30 476 innan 30. juni.

Arr. Bjerkeim bygdekvinnelag

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 7. juni: Malmei - Håfreiste.

Ta med drikke og sitteunderlag.

Onsdag 2. august: Ørdsølen - Kleppali.

Her har du anledning til å bli med Ørdsølen til Kleppali. Turen er open for alle. Ta med niste, drikke og sitteunderlag.

Begge turane: Avreise kl. 10.00 fra Esso Vikeså.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

BJERKREIM HAGELAG

Hagetur til Marianne Lien
6. juni kl. 18.00. Alle velkommen.

Hagetur til Karoline i
Hovsherad i Lund.

29. juni, avreise fra Esso, Vikeså,
kl. 17.00.

Kr. 100,- per person. Alle velkommen.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

Tirsdag 6. juni kl. 19.00.

Sosial kveld med eller uten håndarbeid i Skjeraberget folkehelsehus.

Enkel servering. Alle er velkomne.

HELSE I HVERT STEG!

Mandag 19. juni kl. 18.00

Månedens aktivitetstur med

Bygdekvinnelaget. Oppmøte

kl. 18.00 ved Esso. Denne kvelden

kjører vi til Maurholen og går en del

av jernbanetrasèen mot Egersund.

Nistepakke i Gapahuken. Lavterskel og åpent for alle! Ingen påmelding.

NB: Dato for årsmøte Bjerkreim

Bygdekvinnelag er flyttet til 18. oktober
kl. 19.00.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 8. juni kl. 18.00-20.00 i
Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre.

Vi serverer kaffi, te og litt å spise.

Velkommen alle kvinner!

SOMMERKONSERT I TUNET PÅ PITTERGARDEN

Lørdag 17. juni kl. 14.30.

Ved dårlig vær gjennomføres konserten inne på låven.

BØNNI BAND trør til med et publikumsvennlig repertoar.

Gjesteartister: Regionale talenter.

Inngang kr. 200,-. Ingen aldersgrense.

Under 16 år fri entré.

Arr. Klangfeel jazz & Viseklubb

ØRSDØLEN



Ørdsølen går søndagsturer søndag 2. juli til og med 27. august!

Billetter kjøpes på internett:
www.orsdolen.no

Avgang fra Odlandstø kl. 11.00,
tilbake ca. kl. 15.30

Priser: 300,- voksne og 50,- barn 3-16 år

Grillmat selges i Lauperak.

STILLE DAG

på Vikeså Misjonshus laurdag 10. juni
kl. 11.00 - ca. kl. 15.00.

Program:

1. Nattverdsamling

2. Stille-tid m. bibelmeditasjon

3. Felles lunsj m. medbrakt niste

Kaffè, te og frukt vert servert

4. Høve til «dele/ lyttestund» for dei som ynskjer det.

ALLE VELKOMNE!

LÅVEFEST

Velkommen til Låvefest lørdag 17. juni
kl. 19.30 Til inntekt for Window of
Hope sitt skoleprosjekt i Kenya.

Sted: Gjedrem 50 i Bjerkreim.

Passer for alle. Vel møtt.

VIKESÅ MISJONSHUS

Juni

7. kl. 20.00 Bønnesamvær

10. kl. 11.00 Stille dag

11. kl. 11.00 Sommaravslutning på
Veen Gardscamping
(bedehuset og misjonshuset)

14. kl. 14.00 Bingo

14. kl. 17.30 Global kafe

14. kl. 20.00 Samtalemøte

28. kl. 17.30 Global kafe

BJERKREIM BEDEHUS

www.bjerkreimbedehus.no

Juni

6. kl. 09.30 Minsten (torsdag)

6. kl. 19.30 Bønnemøte

7. kl. 17.30 Global kvelds

11. kl. 11.00 Sommaravslutning på
Veen Gardscamping
(bedehuset og misjonshuset)

13. kl. 19.30 Bønnemøte

14. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

21. kl. 17.30 Global kvelds

23. kl. 18.30 Jonsok, ute

27. kl. 19.30 Bønnemøte

Juli

Det blir eit digitalt sommarmøte ein
kveld i juli, følg med på nettside/plakat

August

1. kl. 19.30 Bønnemøte

8. kl. 19.30 Bønnemøte

15. kl. 19.30 Bønnemøte

22. kl. 19.30 Bønnemøte

26. kl. 18.30 Samlingsfest, Imf

29. kl. 19.30 Bønnemøte

Global kvelds startar opp igjen i
september.

LEIGE AV BJERKREIM BEDEHUS TIL KONFIRMASJONSSKAP 2024

Frist for å søkja: 20. juni.

Det kan vera to selskap same dag - eit
i 1. etg. og eit i kjellaren. Fint med info
om kva etasje de ønskjer.

Kontakt: Arnfrid Espeland, tlf 406
02 711. Søknad sendes på e-post:
bjerkreimbedehus@gmail.com.

Evt. trekking/fordeling blir føreteke like
etter fristen.



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE:

Sundag 4. juni kl. 11.00.

Konfirmasjonsgudsteneste i Ivesdal kyrkje

Sundag 11. juni kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 18. juni kl. 11.00.

Friluftsgudsteneste med M/K Ørstdølen til Lauperak

Sundag 25. juni

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 2. juli kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 9. juli kl. 11.00.

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 16. juli kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 23. juli

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 30. juli

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 6. august

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 13. august kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje. Innsetting av ny prest Per Børge Hillestad. Prosten deltek

Sundag 20. august kl. 11.00.

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 27. august kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling av 6-års bøker

DØYPTE

30.04.23 Maren Sjo Hov

VIGDE

20.05.23 Elise Songe Kittelsen og Truls Andersen

DØDE

27.04.23 Lars Bjarne Steinsland

30.04.23 Olav Jan Oftedal

08.05.23 Bjørg Marie Rognlie

KONFIRMANT VÅREN 2024 – INFORMASJONSMØTE

Tysdag 13. juni kl. 19.00 blir det informasjonsmøte på Vikeså Misjonshus for neste års konfirmantar og foreldre/foresette.

Det vert send ut invitasjon etter kyrkja sitt medlemsregister (fødde 2009). Har du ikkje fått invitasjon, ta kontakt med kyrkjekontoret. Sjå og: bjerkreimkyrkja.no for påmeldingsskjema til konfirmasjon Velkommen.

UTDELING AV 6 ÅRSBØKER!

Det blir delt ut bok til alle 6-åringar på familiegudstenesta i Bjerkreim kyrkje søndag 27. august.

Vi sender ut invitasjonar etter kyrkja sitt medlemsregister når det nærmar seg. Alle 1.klassingar (født 2017) er velkomne til å få boka.

Ta kontakt med oss på : post@bjerkreimkyrkja.no eller tlf.: 51 20 11 98 dersom de vil ha invitasjon til nokon som ikkje står i registeret vårt.

FERIETIDA

26. JUNI - 6. AUGUST

Enkelte dagar kan kyrkjekontoret vere stengt pga ferieavvikling. Kjem du til låst dør - sjå oppslag med tlf.nummer du kan ringja. E-post til post@bjerkreimkyrkja.no vert lese heile sommaren. Kontortid i ferietida: tys- og torsdagar kl 09-14.

Sokneprestvikar Per Kjartan Veggeland sluttar 16. juli, Per Børge Hillestad byrjar 7. august. Tlf.nr til kyrkjekontoret i Egersund er 51463330.

FØREHANDSVAL TIL KYRKJEVALET

Du er velkomen til førehandsstemming til kyrkjevalet: Tysdagar frå 22. aug. -5. sept. kl 08.30-15.00 på kyrkjekontoret

Torsdag 31. aug. kl. 15.00-20.00 på kyrkjekontoret. Søndag 3. sept. kl 12.00-12.30 i Bjerkreim kyrkje

Nytt av året er at du kan velje å stemme på kyrkjevalet via internett (BankID) frå 10. august. Kom gjerne innom kyrkjekontoret dersom du treng hjelp.

SYSKENKJÆRLEIK

Ein gong i vår sat eg i Bjerkreim kyrkje og kikka på alterringen. Ringen vert halde oppe av mange små søyler i tre. Eg fekk det for meg at eg skulle telle desse søylene. Eg kom til 41. Det er tilfeldigvis alderen min. Men det er også slik at i år har det vore 39 konfirmantar i Bjerkreim og Ivesdal, og to leiarar, Ingelin og meg. 39+2 er 41. Over alle dei 41 søylene kviler sjølve alterringen som svingar i en fin bue frå den eine enden av alteret til den andre. Søylen minner meg om at vi alle er sjølvstendige individ, men at Gud knyt oss saman. Bibelen bruker ordet sysken om dei truande. Når vi samlast i kyrkja for å halde gudsteneste, kjem vi som sysken. Alle har nok krangla eller irritert seg over ein bror eller syster, men dei som har sysken veit og kvifor det heiter at blod er tjukkare enn vatn. Kjærleik mellom sysken er noko for seg sjølv, og det er nok difor Paulus seier «Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik!» (Rom 12,10)

Eg er takksam for den tida eg har fått vore her i Bjerkreim som prestevikar. No rundar eg straks av, og ein ny «Per prest» kjem i august. Han er heldig, for her er det godt å vere! Eg ynskjer med dette å seie tusen takk til mine sysken her i Bjerkreim for at de tok godt imot meg. Eg ynskjer deg ein velsigna sumar, og alt godt for framtida.

Helsing frå Per

NYE AREALTAL PÅ LANDBRUKSEIGEDOMAR

NIBIO har nyleg gjennomført ei oppdatering av jordbruksareala i Bjerkreim. Det har vorte gjort endringar på nokre eigedomar som vil visa att på gardskartet. Dei fleste av dykk har fått ein e-post frå oss der dette er forklart, med linkar til nettsida og korleis de skal finna utav desse endringane. Alle som skal søkja produksjonstilskot, bør snarast gå inn og sjekka jordbruksareala på kartet og sjå om alt stemmer. Dersom du meiner at nokre av endringane er feil, så ta kontakt med ein av oss på landbrukskontoret; primært Kjell fram til 30. juni på 92 41 99 08, slik at vi kan retta opp i evt. feil.

NYDYR KING SOM ER FERDIG

Dersom du har noko areal som er ferdig eller vert ferdig dyrka dette året, er det fint om du gir beskjed til oss snarast og seinast innan **1. august**. Fristen er sett for at arealet skal verta med på søknaden om produksjonstilskot i oktober. Du vil då verta kontakta av ein ingeniør (Torhild Levang frå Gjesdal) som vi leiger til bl.a. oppmåling av nydyrkingsfelt. Sjekk at vilkåra i vedtaket for løyve til nydyrkinga er oppfylte, før du melder i frå til oss.

Kravet for at det skal verta gitt areal- og kulturlandskapstilskot for 2023, er at parsellen har vorte hausta eller beita minst 1 gong i løpet av vekstsesongen. Dersom arealet bare vert ferdig isådd i haust og 1. avlinga først kjem neste år, kan du likevel melda frå slik at arealet kan verta oppmålt.

TAKK FRÅ KJELL:

«Nå er tida komen også for meg. Eg sluttar på landbrukskontoret frå 1. juli. Dette blir bare ein enkel takk for meg. Det har vore nokre fine år med gode kollegaer, men ikkje minst det gode samspelet eg har hatt med alle dykk bøndene i desse åra. Eg håpar landbruket får levelege vilkår også framover, slik at det gode familielandbruket me har i Bjerkreim, vil overleva endå ei brytningstid.»



Kjell Helland

TAKK TIL KJELL:

Me kjem verkeleg til å sakna Kjell sine kunnskapar (spesielt på kart), erfaringar og engasjement. Men det er lov å pensjonera seg når ein er 69 år!! Siste arbeidsdagen hans er 30. juni. Takk Kjell, for kjempegod innsats på Landbrukskontoret og for bøndene i Bjerkreim 😊

NY FAGKONSULENT

Vi er glade for at Ivar Tore Hetland takk ja til tilbodet om å overta stillinga til Kjell. Han byrjar på kontoret hjå oss i midten av august i 70 % stilling. Han er frå Helleland, er 33 år og for nokre år sidan overtok han heimegarden, der han har 100 vinterføra sau.

Ivar Tore er utdanna tømrrar og agronom, og jobbar no i Lund kommune i eit vikariat som landbruks-sjef. Før det var han 2 år på Landbrukskontoret i Time i eit vikariat som fagkonsulent. Han kjenner dermed til alle arbeidsoppgåvene våre, og treng minimalt med opplæring. Vi ser fram til å få han på kontoret, så ta vel imot han 😊



Ivar Tore Hetland

INFORMASJON

5 års-jubileum!



MEN FYSST KAFFI

handbrent.no

tegn et abonnement i dag på våre nye nettsider



GO Consult
Olav Engelsingjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita
Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

 coop
Vikeså

 coop
byggmix

 EXTRA

 coop
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



 Eigersund
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no